# Nyttår:

Etter att eg fekk innbydelse frå kringkastinga om eg ville lage ein fabulas om det nye året og kva vi ventar oss av det, så har tankane kretsa meir og meir og ~~meir~~ om dette. Kva ventar vi oss i det nye året. Du verden kor spennande det er. Eg kom til å tenkje på då eg som lita gjente sat på skulebenken og fekk utdelt ny skrivebok den gamle var utskreva o ferdig med den. Den nye låg der rein og fin og klar til å ta mot det eg kunne gje den. Eg hugsar godt kor eg gjorde meg flid med dei første sidene, att måtte vere fint og gjerast sjikkeleg eg måtte ikkje gjemme den nye boka, slik att läraren måtte til med raude blyanten og streke under feila eg hadde gjort, for det ville liksom ta gnisten frå meg og glansen av boka. Men det vart nok både feil og strek i boka mi, etter som tida gjekk. Slik og med det nye året vi har fått i gave. Det ligg der blankt og nytt, eitt uskreve blad, og det er vi, du og eg, som skal fylle det med vårt arbeid og vår innsats. For heimen vår, og for det samfunnet vi er sett til å leve i. Alle har vi ei oppgåve i livet som vi er sett til å fylle. alle har vi fått vårt pund, stort eller lite som vi skal forvalte på beste måte, ~~stort eller lite~~ til beste for oss sjølve og for våre medmenneskjer. Det gjeld om å ikkje å grave det ned i jorda så det ligg der til inga nytte men prøve så godt vi kan å bruke det rett ~~så og~~ kan få mest mulig ut av dei evner og anlegg vi har fått i gave. Samfunnet

har bruk for kvar einaste ein av oss, alle er vi ein lekk i heilskapen for samfunnet det er dei og eg. Ikkje alle går inn i det nye året med dei same føresetningar. Vi tenkje på alle som er sjuke, alle som er handikapte på ein eller annan måte, alle som liksom er komne utanfor i samfunnet måtte det bli vår største samfunnsak og hjelpe desse på beste måte, alle våre gamle som det blir meir og meir av etter kvart, og som blir meir og meir isolert, etter som vi byggjer fleire og fleire større og flotte institusjonar for å ta i mot dei, og isolere dei. Nei og nei, dette er etter mitt syn rivande gale. Tenk om vi i det nye året kunne ta eitt krafttak saman for å vende utviklinga inn i eit sunnare og meir menneskeleg spor.

Mange går vel omkring med ei blanda forventning til det nye året, og håpar på den store gevinsten, det kan vere seg det store lodd', i pengelotteriet, eller den største gevinsten i tippinga eller kanskje gutten ~~ventar~~ håpar at han skal få den gjenta han helst vil ha, og omvendt. Men, dei som sikkert ser fram til det nye året med ekstra spenning er vel helst politikarane våre, både nevnde og nye som måtte komme til. Det er som alle veit Stortingsvalg til hausten, og valkampen skal vel gå for fullt frå dei første utrivne blad av nye året. Ikkje ein dag må gå til spille for å sikre den store valgsiger som kvart einaste parti håpar på.

Lat i alle høve vone at det ikkje må bli Amerikanske